




# Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Eimhjellen naturreservat i Gloppen kommune, Vestland  
Juli 2024



# Innhold

FORSLAG .....	3
Heimelsgrunnlag .....	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	3
Andre interesser .....	5
SAKSHANDSAMING .....	6
Sakshandsamingsprosessar .....	6
Forholdet til utgreiingsinstruksen .....	6
Forvaltningsstypesmakt .....	7
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN .....	7
Geografi .....	7
Verneforskrifta .....	8
Namn .....	8
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR .....	8
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	8
Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	8
Avvegning skogvern – skogbruk .....	8
Forvaltningsmyndigkeit .....	9
Skildring av Eimhjellen, med merknader .....	9
Inngrepsstatus og andre interesser: .....	11
Samandrag av høyringsinnspela: .....	11
Kommentar frå Statsforvaltaren: .....	16
Namn .....	19
Avgrensing .....	19
Verneforskrift .....	19
Tilråding .....	19

# FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Eimhjellen naturreservat i Gloppen kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Tilrådinga omfattar 6060 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 5223 dekar, og av dette er om lag 4511 dekar produktiv skog.

## Heimelsgrunnlag

Eimhjellen blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62. Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekommst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*
- b (arter og genetisk mangfold),*
- c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Opprettning av eit verneområde på Eimhjellen bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne området mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c. Området vil også bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

## Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet dekker eit stort område med særskilt natur. Eimhjellen ligg i same nabolag som Ålfotbreen landskapsvernombjøde og Naustdal-Gjengedal landskapsvernombjøde. Dei mindre naturreservata Bogane og Brandatjørna ligg også tett på. Vern av skogen i Eimhjellen bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet dekker eit stort og urørt naturområde. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av arts mangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Mykje av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande

biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

Med bakgrunn i mangelanalysar i skogvernet skårar Eimhjellen høgt på dekning av regnskogsmiljø, i tillegg til at området inkluderer andre kvalitetar knytt til kystnære skogmiljø og edellauvskog. Området dekker også manglar i skogvernet ved at over halve arealet har høg eller særsla høg bonitet. Eimhjellen er samanhengande, lågliggjande og stort. Området er del av eit større areal som også går inn i Kinn kommune, denne lokaliteten vart vurdert som eit seks-stjerners område i kystfuruskogskartlegginga i 2015. Vi vurderer området til å vere nasjonalt svært verdifullt og viktig å prioritere til vern.



*Figur 1 Vi tilrår vern av Eimhjellen som naturreservat. Området husar minst 13 ulike raudlista artar, er stort, lågliggjande og vern vil kunne bidra til å halde området intakt og utan inngrep. Foto: AT Skog v/ Vebjørn Enerstvedt.*

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er i stor grad innhenta frå Narin:

- Hanssen U., Gaarder G., Fjeldstad H., Fjeldstad H. 2016. Naturverdier for lokalitet Endestadnipa-Storfjorden, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning. [Lenke til rapporten er her.](#)

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiene i området som blir føreslått verna er truleg hogst, spreiing av gran, energiutbygging og skogsbilvegar. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring levestaden for at truga, sårbare og sjeldne artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut. Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande

aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha lita påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er verneregler om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillåt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Vi har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmere skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen lengre bak i dette dokumentet. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

## Andre interesser

### Kraft og energi:

I nordaust er det på gang ei utbygging av Haugaelva til kraftføremål. Eimhjellevatnet fungerer som magasin til Sagefossen kraftverk, og det er ein buffer på om lag 10 meter i høgdeforskjell og 30 meter i terrenget frå det nærmaste grensepunktet for naturreservatet til vatnet. I Martegjølet utanfor verneområdet er det eit vassinntak. Ei 66 kV kraftlinje går gjennom kandidatområdet i sørvest. Kraftlinja har eit ryddebelte på om lag 18 meter. Det er arbeid på gang med å søkje og greie ut utbygging av Gjengedal kraftverk på nytt (førre vart avslått). Det er fire alternative linjetrasear for å frakte energien ut frå eit eventuelt kraftverk, der eitt av alternativa er å nytte dagens trasé, og eit anna alternativ er å bygge kraftlinje gjennom kandidatområdet. Vi omtalar tema kraft og energi meir i seinare kapittel.

### Jakt og friluftsliv

Hjortejakt er ein viktig del av næringsgrunnlaget og rekreasjon på Eimhjellen. Det er også registrert sommar- og haustbeite for villreinen i Førdefjella øvst opp mot fjellet innanfor kandidatområdet. Det er enkelte stiar i området, men det er relativt lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går over Furenesrabben mot Kamben og ein annan sti går opp Vassendendalen langs elva. Truleg er det mest bygdefolk, jegerar og dyr som nyttar stiane.

### Kulturminne

Vi har ikkje registrert kulturminne innafor vernegrensa ut i frå sokn på offentleg tilgjengelege databasar, men like utanfor vernegrensa ligg ein registrert busetting frå eldre steinalder på Karineset. Eit anna kulturminne ligg også tett opptil grensa, eit gravfelt ligg registrert på Svortegneset, truleg frå jernalder-mellomalder. At det ikkje er registrert kulturminne innanfor vernegrensa utelukkar ikkje at det likevel kan vere ting som ikkje er registrert.

### Landbruk

Det er både sau og storfe som blir slept om sommaren på beite i og rundt det tilrådde naturreservatet. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser ved Eimhjellen. Utanfor vernegrensa er det traktorvegar, mellom anna eit stykke mot sørvest frå bygda Eimhjellen og langs Eimhjellevatnet. Ein traktorveg går litt inn i kandidatområdet i nordvest, denne vil kunne nyttast til å frakte ut felt hjort med ATV/traktor. Det er planta noko gran i kandidatområdet som har byrja å frø seg.

#### Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Gloppen kommune sin arealplan.

## SAKSHANDSAMING

### Sakshandsamingsprosesser

Arealet er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Grunneigarane på Eimhjellen har, med ordninga frivillig skogvern, akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som har sett til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

Det tilrådde verneområdet på Eimhjellen er lokalisert på gards- og bruksnummer 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 24/5, 24/6, 24/7, 24/8, 24/11, 24/12, 24/14 og 24/15 i Gloppen kommune.

Tilbodet kom oss i hende gjennom brev frå AT Skog den 31.01.2022.

Statsforvaltaren hadde møte med grunneigarane i ungdomshuset på Eimhjellen den 29. januar 2024, og har også hatt direkte telefonkontakt med enkelte grunneigarar.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Eimhjellen naturreservat	31.01.2022	12.03.2024	07.05.2024

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale avisar og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi startar prosess med frivillig skogvern i Eimhjellen i Gloppen kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern i Eimhjellen i Gloppen | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

## Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget vert vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar.

Forslaget blir også omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i verneregler og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

## Forvaltningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyningsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndighet for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifter når området blir vedteke verna.

Vi inviterte kommunen, i høyringa, om å uttale seg om Gloppe kommune er interessert i å overta forvaltningsansvaret for alle mindre naturreservat innanfor kommunen sine grenser. Vi fekk ikkje innspel frå Gloppe i denne spørsmålet, men fekk innspel frå grunneigarane, som ytra ønske om Miljødirektoratet kan delegera forvaltninga av eit framtidig Eimhjellen naturreservat til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Dersom det kjem uttale frå kommunen vil vi vidaresende svaret til Miljødirektoratet.

## VIKTIGE ENDRINGER UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

### Geografi

Vi har gjort mindre endringar på kartet etter oppstarten, då nokre av grunneigarane ønska justeringar. Endringane på teigane tilhøyrande gards- og bruksnummer 24/4, 24/6 og 24/11 har medført ein reduksjon i arealet på om lag 6 dekar. Vi har også justert vernegrensa i nordaust etter oppstarten etter innspel frå kraftutbyggingsselskapet Hywer AS, då den opphavlege vernegrensa kom for nært eit føreståande arbeid med kraftutbygging av Haugaelva. Reduksjonen i verneareal her er om lag 6 dekar. Vernegrensa ligg no ti meter som minste avstand til arealplanen frå Hywer. I oppstartsmeldinga for Eimhjellen opererte vi med 6072 dekar, og etter disse endringane er storleiken på kandidatområdet 6060 dekar.

Det har vore viktig for grunneigarane å få markert to stiar på vernekartet, men grunna ferieavvikling blir eit oppdatert vernekart med disse to innteikna stiane ettersendt Miljødirektoratet i løpet av august. Vernekartet som ligg vedlagt er såleis av rett storleik og arrondering, men manglar dei innteikna stiane og ei teknisk forklaring for ein traktorveg (som verneforskrifta visar til) inn i verneområdet i nordaust. Vi vil også leggje ut det oppdaterte kartet på våre heimesider når det er ferdig utarbeidd.

## Verneforskrifta

Mellan oppstart og høyring er arealet justert i verneforskrifta, det gjeld både ei reduksjon i nordaust grunna ei kraftverksutbygging i mindre endringar på nokre at teigane til grunneigarane etter deira eige. Det er elles ikkje endra noko i verneforskrifta.

### Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Eimhjellen naturreservat*. Namnet er uforandra gjennom verneprosessen og Språkrådet tilrår også dette namnet.

## FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

### Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane er gjennomført av Rådgivende biologer i samband med tilbodet om frivillig skogvern, og som har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

### Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følge av etableringa av Eimhjellen naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det er nokre bestandar av gran innanfor det tilrådde verneområdet, dette gjer at det blir utgifter til skjøtsel dersom budsjettetramma tillèt det etter vernevedtak.

Det kan bli utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærmare retningslinjer for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

### Avvegning skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar. I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at

forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilboden frå grunneigarane på Eimhjellen om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området er derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

## Forvaltningsmyndigkeit

Gloppen kommune har førebels ikkje teke stilling til om kommunen ønsker å overta forvaltningsmyndigkeit for eit framtidig Eimhjellen naturreservat. Vi sendte ein førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka. Grunneigarane har ytra ønske om å få vurdert overføring av forvaltningsmyndigheita til verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal. Vi vil tilrå at verneområdestyret får delegert forvaltningsmyndigheita, då verneområdestyret har god kapasitet og kjenner både naturen og lokalsamfunnet godt. Det vil sjølv sagt vere opp til verneområdestyret å vurdere om dei ønsker å be om denne delegerte myndigheita, og det er til sist Miljødirektoratet som tek avgjersla basert på eventuelle innspel frå styret.

## Skildring av Eimhjellen, med merknader

Totalareal 6060 dekar.

Skogareal totalt om lag 5223 dekar.

Produktiv skog om lag 4511 dekar.

### Verneformål og særskilte verneverdiar:

Kandidatområdet Eimhjellen ligg mellom Nordfjord og Sunnfjord i Vestland fylke. Det er lokalisert i ei nordvendt li som strekk seg frå Krokstadvatnet over Lonene og langs Storfjorden/Endestadvatnet i det sørvestlege hjørnet av Gloppen kommune. Det er eit stort og samanhengande areal i sørboreal og mellomboreal sone, plassert i sterkt oseanisk seksjon. Berggrunnen består av næringsrike berg som metasandstein og glimmerskifer, og eit belte av fyllitt. Området er eksponert for vind og vær, og det renner fleire bekker og elver i lisida.

Undersøkingar i felt vart gjennomført av Geir Gaarder, Helge Fjelstad og Ulrike Hanssen i samband med prosjekt Kystfuruskog i 2015. Området har vore undersøkt fleire ganger. Vi vurderte at det ikkje var naudsynt med nye kartleggingar etter å ha motteke tilboden om areal til skogvern fordi kunnskapsgrunnlaget er godt nok frå tidlegare.

Nye artar er oppdaga for vitskapen i dette området, som til dømes nipdraugmosen (EN, sterkt truga på den norske raudlista), som vart oppdaga og skildra første gang her av E. Jørgensen i 1902. Hulrestry (i same nabolag, i Brandatjørna naturreservat) vart oppdaga ny for Vestlandet av Kavli i 1970. Eimhjellen dekker god variasjon av skog med både furu, boreal lauvskog som bjørk og osp, samt varmekjære treslag som eik og alm med god aldersvariasjon. Gjennomgåande har området fleirsjikta eldre skog, det er stadvis storvaksen og grov skog, samt område med gadd og lægder. Området er i stor grad urørt. Sjølv om det er fattig furuskog som dominerer er det også lauvskog, med både boreal utforming og enkelte bestandar av varmekjære treslag av eik og alm, særleg i austre delar av kartleggingsområdet (sjå rapporten frå Gaarder m.fl.). Eimhjellen dekker både raudlista artar

og raudlista naturtypar. Det er store areal av boreal regnskog med furu, samt fattig boreonemoral regnskog i dei nedre delar av lisidene. Også rik og gamal edellauvskog er registrert innanfor arealet som t.d. gamal almeskog. Innanfor kandidatområdet er det registrert 13 ulike raudlista artar, mellom andre nipdraugmose (EN) og kystkantlav (EN). Nipdraugmose (du kan lese meir ved å [følgje denne lenkja](#)) har både nasjonal og internasjonal interesse, og andre artar er regionalt sjeldne. Det er eit klart potensial for å finne fleire krevjande og raudlista artar.



*Figur 2 Det er stor variasjon i landskapet i Eimhjellen. Fleire bekker finn vegen gjennom området frå fjellet og mot innsjøen. Arealet ligg i sterk oseanisk seksjon, som indikerer at det er høg humiditet eller vassmetting i lufta. Fuktig havluft kjem inn over land og vatnet blir "slept" når skyene blir avkjølt i møtet med høge fjell. Foto: AT Skog/Vebjørn Enerstvedt.*

Med bakgrunn i mangelanalyser i skogvernet skårar Eimhjellen høgt på dekning av regnskogsmiljø, i tillegg til at området inkluderer andre kvalitetar knytt til kystnære skogmiljø og edellauvskog. Området dekker også manglar i skogvernet ved at over halve arealet har høg eller særskilt høg bonitet. Eimhjellen er stort, samanhengande og lågtliggjande. Området er del av eit større areal som også går inn i Kinn kommune som vart vurdert som eit seksstjerners område i kystfuruskogskartlegginga i 2015. Vi vurderer området til å vere nasjonalt svært verdifullt og viktig å prioritere for å ta vare på for kommande generasjonar.

Større tekniske inngrep er nesten fråverande og det er få spor etter tidlegare hogst innanfor avgrensinga. Det er noko gran i spreiingsfase. Delar av området er samanfallande med leveområdet til villreinen i Førdefjella.

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit stort og variert skogområde med eit mangfald av truga, sjeldan og sårbar natur i form av naturtypar og artar. Området representerer ein bestemt type natur i form av vestnorsk regnskog og edellauvskog med sterkt oseanisk preg, deriblant med internasjonalt viktige førekomstar. Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg.

## Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er ein nokre stiar innanfor verneområdet, disse er (og vil bli lagt på ytterlegare to til på eit seinare ettersendt vernekart) markert på kartet. Disse vil kunne nyttast til sykling, riding og bruk av hest. Inn i verneområdet i nordaust er det ein trasé som likner ein traktorveg. Denne visar verneforskrifta til i § 6 bokstav b: *naudsynt uttransport av felt elg, hjort og rein med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med ATV/traktor på traktorveg avmerkt på vernekartet*. Vi vil markere denne på kart med ein teiknforklaring i kartet vi ettersender i løpet av august.

I nordaust er det planlagt ei utbygging av Haugaelva til kraftføremål. Her er verneområdet redusert for å ha ein tilstrekkeleg buffer til planområdet for kraftutbygginga. Dette er gjort etter innspel frå Hywer AS.

Eimhjellevatnet fungerer som magasin til Sagefossen kraftverk, og det er ein buffer på om lag 10 meter i høgdeforskjell og 30 meter i terrenget frå det nærmaste grensepunktet for naturreservatet til vatnet. Vi har ikkje fått innspel frå SFE i høyringa om at det kan bli konflikt mellom HRV og verneområdet.

I Martegjølet utanfor verneområdet er det eit vassinntak, og den einaste naturlege tilkomsten til vassinntaket er frå vegen over Storamyrå i dalbotn. Vi vurderer at tilkomst, drift og vedlikehald ikkje vil kome i konflikt med vernet.

Ei 66 KV kraftlinje går gjennom kandidatområdet i sørvest. Kraftlinja har eit ryddebelte på om lag 18 meter. Ved oppgradering av denne linja vil det bli behov for å auke ryddebeltet.

Forskrifta § 7 bokstav m vil vere naturleg å nytte i ei slik dispensasjonssak. Søknad om konsesjon for å bygge ut Gjengedal kraftverk vart avslått av NVE i 2018 grunna omsyn til landskap og naturmangfald. Det er arbeid på gang med å søkje og greie ut utbygging på ny. Det er fire alternative linjetrasear for å frakte energien ut frå eit eventuelt kraftverk, der eitt av alternativa er å nytte dagens trasé. Eit anna alternativ er å etablere ei ny linje langs Eimhjellevatnet innanfor kandidatområdet. Vi har signalisert til SFE og NVE at dette ikkje vil vere foreinleg med verneføremålet og at alternative løysingar heller bør jobbast vidare med. Vi har lagt inn alle standard heimlar for kraftlinjer som gjeld drift, vedlikehald, motorferdsel i tilfelle akutt utfall, med vidare, i verneforskrifta.

## Samandrag av høyringsinnspela:

Verneplanen vart sendt på høyring til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæreringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund,

Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining, Norges Dykkerforbund, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Foreining, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd. Sogn og Fjordane, Gloppen kommune, Hyen bondelag, Hyen idrettslag, Hyen Jeger og Fiskarlag, Hyen Røde Kors hjelpekorps, Eimhjellen bondelag, Eimhjellen grendalag, Gloppen bondelag, Sogn og Fjordane Energi AS, SFE Produksjon AS, Hywer AS, Linja AS Gloppen, Midtvegen 615 AS og Sigmund Jacob Eimhjellen.

Det kom inn totalt ti innspel til oppstartsmeldinga. Innan fristen den 15. april fekk vi inn ni innspel. Innspelet fra Sigmund Eimhjellen vart, av oss, kopiert ut frå eit dynamisk Google Docs-dokument den 17. april og lagt inn på vårt arkivsystem. Etter fristen fekk vi eitt innspel, datert den 25. april, frå Hywer AS etter eit telefonmøte vi hadde om utbygginga i Haugaelva. Vi fekk tre innspel til høyringa. I tillegg har AT Skog hatt innspel om justeringar på grenser og nye stiar underveis i prosessen. Innspel fra eksterne aktørar er omtalt under.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel til oppstartsmeldinga. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga. Direktoratet etterlyser skjema for avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang og vurderingane av området i avveggingsmatrisa i førekant av oppstartsmeldinga.

Språkrådet sendte innspel til oppstartsmeldinga om namnsettinga og tilrår oss å nytte namnet Eimhjellen naturreservat på kandidatområdet. Namnet Eimhjellen vart vedteke den 11. mai 2001 som gardsnamnet på gardsnummer 24 i Gloppen kommune, og er såleis korrekt å nytte i offentleg samanheng.

Midtvegen 615 skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at dei jobbar for betre veg gjennom Hyen, og vurderer at planane om nye vegtrasear ikkje kjem i konflikt med planane om frivillig skogvern på Eimhjellen.


Gloppen kommune skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at Statsforvaltaren må sikre at grunneigarane vert godt opplyst om konsekvensar som vernet kan ha, også for tiltak utanfor verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 49. Kommunen skriv vidare at ikkje alle grunneigarar er klar over denne heimelen, og det kan vere vanskeleg å sjå konsekvensane av vernet på det noverande tidspunktet og i kva tilfelle naturmangfaldlova § 49 vil kunne gjelde. Statsforvaltaren bør vidare søkje å opplyse om alle sider av vernet lokalt og at grunneigarane har så god informasjon som mogeleg. Avtaler mellom stat og grunneigarar bør også presisere på kva vilkår som skal gjelde ved t.d. uttak av uønskte treslag i verneområdet dersom dette er aktuelt.

Sigmund Eimhjellen sendte inn innspel til oppstartsmeldinga, og bidreg med eit åtte siders dokument. Innspelet innehold mange moment. Vi tolkar han dit at skogen gjerne bør inngå i ein sirkulær økonomi heller enn å bli verna for all framtid og at til dømes om skogen rotnar på rot eller ikkje blir skjøtta vil det utgjere eit betydeleg klimaproblem. Vi tolkar innspelet dit at det er betre at ein hogger og steller og forynger skogen. Vi oppfattar han også dit hen at erstatningstilbodet til grunneigarane er for lågt.


Statnett skriv til oppstartsmeldinga at det planlagde skogvernet på Eimhjellen ikkje påverkar deira anlegg eller planar og har dermed ikkje merknadar til verneprosessen.

Statens vegvesen skriv både til oppstartsmeldinga og til høyringa at det ikkje er offisielle vegar eller andre interesser i eller nær området og at dei difor ikkje har merknadar til oppstartsmeldinga.

Sogn og Fjordane Energi Produksjon (SFE) er konsesjonær for kraftverka Skogheim og Sagefossen i Osenvassdraget og sendte innspel til oss i oppstartsfasen. SFE skriv at Eimhjellevatnet er regulert med 2 meter og er inntaksmagasin til Sagefossen kraftwerk. Per dags dato har ikkje SFE planar om å auke høgste regulerte vasstand (HRV) i Eimhjellevatnet. Ved Martegjølet er det eit inntakspunkt som leiar ut i Vassenden (sjå figur 3), utløpspunktet ligg relativt nært inntil det føreslegne verneområdet. SFE treng tilkomst som i dag for drift og vedlikehald, men vurderer at verneforskrifta § 4 bokstav d vil dekke vedlikehald av anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. Dersom det blir behov eller krav frå NVE for å rehabilitera overføringa burde det vere rom også for dette i verneforskrifta. SFE skriv vidare at våren 2023 varsla dei på ny eit ønskje om å byggje ut Gjengedal kraftwerk. Med det krevst nettilknytting via ein av fire alternative linjetrasear. Alternativ 1 er å oppgradere eksisterande trasé som går gjennom verneområdet i det sørvestlege hjørnet. Verneforskrifta må difor ha omsyn til denne linja og eventuelle framtidige oppgraderingsbehov, slik SFE ser allereie ligg inne i verneforskrifta med § 4 bokstav I og m. SFE har ikkje sendt innspel til høyringa.



*Figur 3 Kart over framlegget til naturreservat (gult), utbygd magasin i Eimhjellevatnet (blått), inntakspunkt i Martegjølet og overføringslinje til magasinet. Sagefossen kraftverk er markert med rauda prikkar. Eksisterande kraftlinje går frå kraftverket mot sørvest. Kjelde: fylkesatlas*



*Figur 4 I utgreiinga av Gjengedal kraftverk ligg fire alternative linjetrasear. Det tilrådde naturreservatet er markert grovt i svart. Kjelde: SFE Produksjon*

Hywer AS er utbyggar av Haugaelva kraftverk som ligg tett på området for frivillig skogvern i nordaust. Verksemda planlegg oppstart av utbygginga hausten 2024, og gav innspel i oppstartsfasen om at vernegrensa ligg svært tett inntil inngrepsområdet for kraftanlegget. Hywer AS ønskjer å sjå meir i detalj på vernegrensa for å sikre at grensa og anleggsområdet ikkje kjem i konflikt. Dei skriv vidare at Haugaelva kraftverk vart gitt konsesjon 26.06.2017, konsesjonen vart etter søknad i 2022 forlenga med byggefrist til 26.06.2027. Status på prosjektet no er at detaljplan for landskap og miljø er inne til behandling hos NVE og at dei planla synfaring med NVE i høve detaljplanen i midten av mai 2024. Detaljplan var til høyring i fjor vår og Hywer AS la ved eit arealbrukskart som vedlegg til innspelet. I e-post datert den 26. april bad Hywer AS om at verneområdegrensa blir flytta slik at ny verneområdegrense vil ligge med ein buffer på 10 meter unna anleggssonan.

Til høyringa skriv Linja AS at dagens ryddebelte på 66 kV-linja som går gjennom frivillig skogvernområdet frå Storebru til Sagefossen kraftverk er på om lag 18-20 meter.



*Figur 5 Den gule markeringa syner linja frå Sagefossen kraftverk som delvis vil gå innanfor eit framtidig verneområde. Linja har i dag eit ryddebelt på 18-20 meter og som, ved ei oppgradering, truleg vil trenge eit ryddebelt på opp mot 30 meter. Kjelde: Linja AS.*

Når 66 kV-linjene skal oppgraderast blir dei i dag normalt oppjustert til ei spenning på 132 kV, noko som krev eit ryddebelt på opp i mot 30 meter, eit auka areal samanlikna med 66 kV-linja. Linja AS konstaterer i innspelet til forslaget til verneforskrift gjev slik unntak i § 4 bokstav m (generelle unntak frå vernereglane): *oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiene angitt i verneføremålet nemneverdig*. Linja AS presiserer at utviding av ryddebeltet er naudsynt ved framtidig oppgradering av kraftlinja og foreslår følgjande endring i forskriftsteksten: § 4 bokstav m: *oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, naudsynt auke i ryddebeltet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiene angitt i verneføremålet unødig*.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv til oppstartsmeldinga at kryssande det føreslegne verneområdet er nettanlegg drifta av Linja AS. NVE ber Linja AS (som står på kopi) om å uttale seg om eksisterande og framtidige planar og prosjekt for området og om utkastet til forskrift er tilstrekkeleg. Det føreslegne verneområdet grenser ved magasinet til Eimhjellevatnet, der vatnet blir brukt av Sagefossen kraftverk, eigd av Sogn og Fjordane Energi AS. Det er ein buffer mellom vernegrensa og høgste regulerte vasstand (HRV), men NVE ber Sogn og Fjordane Energi AS vurdere å gje innspel til verneforslaget og om det kan kome i konflikt med eventuelle oppgraderingar av reguleringa som krev ei auka HRV i framtida eller andre behov, som til dømes skogrydding eller motorferdsel i verneområdet. Rett ved føreslegens vernegrense i nordaust har Hywer AS konsesjon for å bygge opp Haugaelva kraftverk, og NVE ber Statsforvaltaren om å etablere dialog med Sogn og Fjordane Energi AS og Hywer AS for å sikre at kraftverk og vassmagasin er ivareteke i verneforslaget. Til høyringa ber NVE Linja AS om å informere Statsforvaltaren om eksisterande og framtidige planar og prosjekt i det føreslår verneområdet, og kommentere om forslaget til forskrift er tilstrekkeleg. NVE skriv om HRV på Eimhjellevatnet på ny i høyringsuttala og ber SFE vurdere om det er tilstrekkeleg med ein buffer på ca 30 meter eller 10 meter i høgdeforskjell mellom vernegrensa og HRV til magasinet. NVE viser til innspelet frå SFE til oppstartsmeldinga om dispensasjon frå verneforskrifta til motorferdsel til inntaket ved Martegjølet, der Statsforvaltaren foreslår å bruke vegen via Storemyra utanfor naturreservatet. NVE forventar at SFE melder til Statsforvaltaren om SFE framleis treng denne dispensasjonsheimelen. NVE skriv vidare i si høyringsuttale at spørsmålet om linjetrasé for Gjengedal kraftverk framleis er opent, og om det finst løysingar som ikkje nemneverdig kjem i konflikt med vernet. Eitt av alternativa er å oppgradere eksisterande linje som kryssar verneområdet, og standar bestemmingar opnar for ei slik oppgradering. Vi siterer NVE sitt brev vidare for å unngå misforståingar/feiltolkning: *Alternativ 3 forutsetter en*

*ny linje som går gjennom det foreslårte naturreservatet. Statsforvalter vurderer at denne løsningen ville være forenlig med verneformålet til naturreservatet.* NVE ber SFE og Statsforvaltaren å fortsetje å ha dialog for å finne ei løysing som tek omsyn til eksisterande og planlagde kraftprosjekt i naturreservat. NVE visar vidare til konsesjonen til Hywer AS for å byggje ut Haugaelva kraftverk, og at Statsforvaltaren, etter oppstartsmeldinga, endra vernegrensa slik Hywer AS trengte, for å få nok plass til anleggsarbeidet til kraftutbygginga. NVE visar også til at grunneigar får redusert erstatning, men at grunneigar også er medeigar i kraftverket og dermed orientert om arealkonflikten. NVE ber Hywer AS og Statsforvaltaren om å fortsetje dialogen for å hindre konflikt om verneforslaget. SFE, Hywer AS og Linja AS, samt Energidepartementet, er på kopilista i brevet frå NVE.

## Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet er ivaretake i den framlagde forskrifa som er utarbeidd i dialog med AT Skog på vegner av grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for Eimhjellen før dei nye føringane med avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for Eimhjellen.

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og tilrår namnet *Eimhjellen naturreservat*.

Vi tek innspelet frå Midtvegen 615 til orientering.

Vi ser gode poeng i innspelet frå Gloppen kommune, og har sikta på å opplyse vernesaka så grundig som mogeleg gjennom dialog med grunneigarar og AT Skog, gjennom offentlege høyringar og møte lokalt. Vi kan vise til at sakshandsamar hos Statsforvaltaren var på møte i Eimhjellen den 29. januar 2024 for å sikre nær dialog med grunneigarane, og for å kunne svare på alle spørsmåla som kunne dukke opp om eit potensielt vern. På møtet vart det til dømes teke opp tema som utanforliggjande aktivitet som kunne ha påverknad innanfor vernegrensa, og uttak av gran var også tema. Ut i frå møtet er vi sikre på at grunneigarane som var til stades fekk den informasjonen dei ønskja, og sakshandsamar har også svart på alle spørsmåla i ettertid som har vore kanalisiert via AT Skog frå grunneigarar eller på telefon frå grunneigarar direkte til oss. Verneprosessen er også ein kanal der andre enn grunneigarane kan ta kontakt og få svar om dei lurer på noko. Når det gjeld gran i verneområdet verkar dei grunneigarane som har slike treslag på sine teigar letta over at staten signaliserer at vi kan fjerne disse på sikt med skjøtselstiltak, når vi har midlar og kapasitet, etter vernevedtak. Grana blir allereie kompensert til grunneigarane gjennom erstatningstilboden.

Vi har lest innspelet frå privatpersonen Sigmund Eimhjellen grundig, og set pris på hans engasjement i vernesaka. Vi vil sende hans og alle andre innspel i si heilskap til Miljødirektoratet når vi tilrår saka vidare i systemet. Vi har i oppdrag frå overordna styremakter å verne gamal og verdifull skog i fylket. Vi visar også til mål vedteke av Stortinget om 10 % skogvern i Noreg for å ta vare på sjeldne, truga og sårbare artar, og vare på eit representativt utval natur for kommande generasjonar. Grunneigarane på Eimhjellen har signert avtale om frivillig skogvern, og vi går difor vidare med verneprosessen etter dialog og etter avtale med disse. Det er i dag verna om lag 3,3 % skog i Vestland fylke, og det er såleis mykje skog tilgjengeleg att som kan bidra inn i ein sirkulærøkonomi. Det har vore forhandla om erstatning, og kort tid etter vernevedtak vil alle grunneigarane få utbetalt erstatninga til sine konti. Det er einigheit om storleiken på erstatninga.

Vi tek innspelet frå Statnett til orientering.

Vi tek innspelet frå Statens vegvesen (SVV) til orientering.

Når det gjeld innspelet frå Sogn og Fjordane Produksjon (SFE) vil området vi foreslår til naturreservat ikkje gå heilt ned til Eimhjellevatnet. Vi oppfattar det såleis ikkje som motstridande interesser om HRV skulle endre seg. Det nærmaste vernegrensa kjem Eimhjellevatnet er i underkant av 30 meter og grovt rekna 10-15 meter i høgdeforskjell. Framlegget vårt vil riktig nok gå ned til vatnet i Sørevika på Krokstadvatnet, men ut i frå vår forståing er ikkje Krokstadvatnet regulert. Vi bad SFE om tilbakemelding om det i høyringa, men har ikkje motteke ytterlegare innspel på temaet. Ved behov for eventuell rehabilitering av overføringa frå Martegjølet til Vassenden vil det vere naturleg å nytte tilkomst frå vegen som går via Storemyra frå nordleg retning, sjå figur 3. Verneområdet (markert med gult) er på motsett side av den naturlege tilkomsten, og vi ser ikkje at det er naturleg å måtte gå omvegen via verneområdet for å utføre eventuelt anleggsarbeid. Vi bad om tilbakemelding om det i høyringa, men har ikkje motteke ytterlegare innspel på temaet.

Vi er einige med SFE at standard formulering i verneforskrifta for drift og vedlikehald (§ 4 bokstav I), og oppgradering og fornying (§ 4 bokstav m) av kraftlinjer skal ta høgde for slik aktivitet, men då ligg føresethaden til grunn at arbeidet ikkje skal påverke verneføremålet nemneverdig. Dersom tiltaket vil påverke verneføremålet nemneverdig, til dømes felling av tre eller anna større påverknad på vegetasjonen vil forvaltningsmyndigheita kunne vurdere tiltaket som ein dispensasjonssak etter verneforskrifta § 7 bokstav h. Når det gjeld nettilknyting for eit mogeleg Gjengedal kraftverk vil alternativ 3 med linjeføring gjennom eit framtidig verneområde ikkje vere foreinleg med verneføremålet eller statusen som naturreservat. Det er nasjonale og nær internasjonale naturverdiar i området med kritisk truga artar og raudlista naturtypar i denne skogen, og så lenge det finst alternative trasear vil det vere det beste å planleggje vidare langs andre trasear. Vi inviterte SFE til dialog med om dette i høyringa. I konsesjonssaka til Gjengedal kraftverk på NVE sine sider vart søknaden avslått i 2018, og sentralt i avslaget låg omsyn til naturtypen fosseeng/fosseberg og fossen som landskapselement, samt omsyn til friluftsliv, laks og sjøaure. SFE har ikkje sendt fleire innspel i verneprosessen for Eimhjellen.

Same dag som vi fekk innspelet frå Hywer AS den 25. april 2024 om mogeleg konflikt mellom verneområdegrensa og anleggsområdet for Haugaelva kraftverk, deltok vi i eit felles digitalt dialogmøte for å finne løysingar. Vi endra vernegrensa slik Hywer AS ønskja, og verneområdet fekk ein reduksjon på om lag 6,3 dekar i nordaust. Grunneigar vil få redusert erstatning med eit redusert areal, men grunneigar er også medeigar i kraftverket og orientert om denne arealkonflikten. Grunneigar godkjener såleis å redusere på sitt skogverntilbod i tråd med Hywer AS sitt innspel. Vi har ikkje fått ytterlegare innspel frå Hywer AS under høyringa.

Til innspelet som Linja sendte under høyningsperioden har vi ønskje om å tydeleggjere at verneforskrifta si § 4 bokstav m, som blir vist til i innspellet deira, ikkje gjev automatisk opning til å utvide ryddebeltet frå 18 meter til 30 meter. Heimelen føreset at *tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig*. Felling av eit breiare belte skog vil kunne påverke verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig, då bevaring av skogen er sjølv verneføremålet og felling av skog vil påverke verneføremålet. Det er verneforskrifta § 7 (spesifiserte dispensasjonsreglar) bokstav h *oppgradering og fornying av kraftleidning som ikkje fell inn under § 4* som i tilfelle utviding av ryddebeltet ein søknad vil bli vurdert etter. I ei eventuell dispensasjonsvurdering vil forvaltningsmyndigheita ha dialog med Linja om eit slikt prosjekt. Til dømes vil ein slik dialog og løyvehandsaming leggje vekt på å finne

løysingar på driftsmetode, tidspunkt på året for eventuell gjennomføring, osb., for både å sikre at naturmangfaldet blir minst mogeleg påverka, samstundes som det blir lagt vekt på samfunnets auka behov for kraftforsyning. Vi ser såleis ikkje behov for å leggje inn formuleringa som Linja føreslo til verneforskrifta § 4 bokstav m med *naudsynt auke i ryddebeltet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet unødig.*

Vi har følgt opp innspela frå NVE om dialog med energi- og vassdragsinteresser og fått viktige innspel i verneprosessen både frå Linja AS, Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og Hywer AS, som vi også hadde møte med, om deira aktivitet i og rundt eit framtidig Eimhjellen naturreservat. Vi fekk innspel frå Linja, sjå vårt svar lengre opp i dette dokumentet. Vi ser ikkje konflikt i at eit verneområde vil kunne påverke HRV i Eimhjellevatnet, med mindre HRV blir auka til over 10 meter over dagens vassflate, og SFE har heller ikkje komme med innspel om dette i høyringa. SFE har heller ikkje meldt i frå, under høyringa, om det er behov for køyring gjennom verneområdet for drift og vedlikehald av inntaket ved Martegjølet, og vi vurderer den beste tilkomsten til dette inntaket er via vegen som går i dalbotn utanfor verneområdet. Når det gjeld linjetrasé for eit eventuelt Gjengedal kraftverk vil ei oppgradering av eksisterande linje kunne falle inn under standard bestemmingar i verneforskrifta § 4 bokstav m (direkte opning) eller § 7 bokstav m (dispensasjon). Når det gjeld linjealternativ 3 som ligg skissert å gå gjennom det føreslegne naturreservatet vil vi oppklare noko vi ser er ei mistolking (eller er det utelete eit «ikkje» i uttala?) frå NVE (sitat, direkte avskrift frå innspelet): *Statsforvalter vurderer at denne løsningen ville være forenlig med verneformålet til naturreservatet.* Statsforvaltar vurderer tvert i mot at bygging av ei ny linje gjennom naturreservatet ikkje er foreinleg med verneføremålet. Vi har redusert verneområdet i nordaust med 6 dekar for å gje rom til kraftutbygginga i Haugaelva. Sjå ytterlegare kommentarar av enkelte av disse punkta under Statsforvaltaren sine kommentarar til Linja AS, SFE AS og Hywer AS.

## Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Eimhjellen naturreservat, det har ikkje komme innspel på andre namn i verneprosessen.

## Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i vedlegget i dette dokumentet. Eit oppdatert vernekart med to nye, innteikna stier, samt teiknforklaring av sti og traktorveg vil bli ettersendt når ferieavviklinga er over hos oss.

## Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

## Tilråding

Vi tilrår at området Eimhjellen blir verna som naturreservat.

## **Framlegg**

### **Forskrift om vern av Eimhjellen naturreservat, Gloppen kommune, Vestland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### *§ 1 Føremål*

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit stort og variert skogområde med eit mangfald av truga, sjeldan og sårbar natur i form av naturtypar og artar. Området representerer ein bestemt type natur i form av vestnorsk regnskog og edellauvskog med sterkt oseanisk preg, deriblant med internasjonalt viktige førekommstar.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg.

#### *§ 2 Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Gloppen kommune: 24/1, 24/2, 24/3, 24/4, 24/5, 24/6, 24/7, 24/8, 24/11, 24/12, 24/14, 24/15.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 6060 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Gloppen kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### *§ 3 Verneregler*

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode.

#### *§ 4 Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk

- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og rydding av eksisterande vregar, stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. merking og rydding av stiar vist på vernekartet
- h. manuell fjerning av småtre fra framande treslag
- i. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- j. varsam rydding av mindre mengde kvist i siktgater i samband med storviltjakt
- k. bålbrann med tørrkvist fra bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- l. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- m. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikke skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

#### *§ 5 Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom stiar markert på vernekartet.

#### *§ 6 Generelle unntak fra ferdelsreglane*

Ferdelsreglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyrestrukta. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg, hjort og rein med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget og med ATV/traktor på traktorveg avmerkt på vernekartet
- c. bruk av hest for å kløvje ut felt storvilt
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- e. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyrestrukta.

#### *§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyrestrukta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk
- c. uttransport av felt elg, hjort eller rein med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst eller uttak av gran og andre framande treslag
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d

- f. merking og rydding av nye stiar
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. oppgradering og fornying av kraftleidning som ikke fell inn under § 4
- i. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning
- j. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f, og § 7 bokstav a, b, d og g.

#### *§ 8 Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikke stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikke kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### *§ 9 Skjøtsel*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

#### *§ 10 Forvaltingsplan*

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### *§ 11 Forvaltingsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvalningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

#### *§ 12 Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks